



PROTOKOLL FOR UNGDOMSRÅDET

Møtenr.: 4
Møtedato: 02.06.2026
Tidspunkt: 15:45 - 17:07
Stad: Formannskapssalen

Desse møtte:

Erlend Eide
Fleur Amelie De Quartel
Hala Albakri
Ida Regine Bjørnsen
Jafet Ezequiel Martinez
Lykke Mathilde Bøe Jørpeland
Maria Serigstad
Odin Tjelta Søiland
Synnøve Aarsland
Thor Bloch Breiland
Vilja Nummedal

Frå administrasjonen møtte: Ungdomsrådskoordinator Brit Wiig og formannskapssekretær Tone Storesætre.

Rådgjevar Tore Ueland møtte i sak 020/26.

Skulesjef Elsa Djuve Jerstad møtte i sakene 020/26 og 021/26

Saklista vart godkjent.

Bryne, 02.06.2026

Fleur Amelie De Quartel
leiar

Brit Kristine Wiig
ungdomskoordinator

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
018/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
019/26	HØYRING - PLAN 0563.00 - DETALJREGULERING FOR STORGATA, BRYNE SENTRUM
020/26	FELLES UNGDOMSSKULE FRØYLAND ORSTAD PÅ FRØYLAND
021/26	REVISJON AV FLAGGREGLEMENTET FOR TIME KOMMUNE
022/26	REFERATSAKER

018/26 : Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren si innstilling:

Protokoll frå møte 21.04.2026 vert godkjent.

Ungdomsrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

UNG - 018/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 21.04.2026 vert godkjent.

019/26 : Høyring - Plan 0563.00 - Detaljregulering for Storgata, Bryne sentrum

Uttale frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet

Innspel frå ungdomsrådet:

- Leikeplass ved Meierigata bør sikrast mot trafikk.
- Ungdomsrådet vil ha detaljprosjektering og tekniske planar til uttale.

Forslaget vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

UNG - 019/26 Vedtak:

Innspel frå ungdomsrådet:

- *Leikeplass ved Meierigata bør sikrast mot trafikk.*
- *Ungdomsrådet vil ha detaljprosjektering og tekniske planar til uttale.*

020/26 : Felles ungdomsskule Frøyland Orstad på Frøyland

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å utarbeida forslag til vertskommuneavtale mellom Time og Klepp kommune om felles ungdomsskule på Kvernaland. Saka vert lagt fram for politisk handsaming i første møterekke over sommaren.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet stiller seg positivt til delt ungdomsskule med Orstad.

Forslaget vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

UNG - 020/26 Vedtak:

Ungdomsrådet stiller seg positivt til delt ungdomsskule med Orstad.

021/26 : Revisjon av flaggreglementet for Time kommune

Kommunedirektøren si innstilling

Time kommunestyre godkjenner forslag til revidert «Flaggreglement for Time kommune» datert 18.05.2026.

Senior- og Brukarrådet

Forslag frå Oddmund Gravdal (P)

Det norske flagget er eit samlande symbol for alle i kommunen. Det bør difor ikkje opnast for bruk av andre flagg på skulane. § 4.3 b går difor ut.

§ 4.3 b: Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 5 røyster medan 3 røysta for Oddmund Gravdal sitt forslag (Oddmund Gravdal, Bitsuamlak Habte Mehari, Rannveig Undheim (8 røyster).

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (8 røyster).

SBR - 022/26 Vedtak:

Time kommunestyre godkjenner forslag til revidert «Flaggreglement for Time kommune» datert 18.05.2026.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet stiller seg bak *forslag til revidert «Flaggreglement for Time kommune» datert 18.05.2026.*

Men leiinga og elevråda ved skulane avgjer om det skal flaggast med regnbogeflagg. Det må presiserast at det skal vera upolitisk, med fokus på inkludering og mangfald.

Forslaget vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

UNG - 021/26 Vedtak:

Ungdomsrådet stiller seg bak forslag til revidert «Flaggreglement for Time kommune» datert 18.05.2026.

Men leiinga og elevråda ved skulane avgjer om det skal flaggast med regnbogeflagg. Det må presiserast at det skal vera upolitisk, med fokus på inkludering og mangfald.

022/26 : Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Ungdomsrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

UNG - 022/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Eventuelt

Ungdomsrådet har søkt om og fått tildelt ungdomsmidler frå Ungdommens fylkesråd til arrangement «**Ungdom i arbeid**» i samband med Potetfestivalen på Bryne i september.

Det blir òg lagt opp til å samordne dette arrangementet med deltaking frå ungdomane i Erasmus+ prosjektet «Friendship in Time» der det skal gjennomførast ei innsamling til støtte for Ukraina. Midlane skal nyttast til innkjøp av ulikt utstyr, som til dømes instrument og spel, til bruk for ungdom i vennskapskommunane Borzna, Vysoke og Baturyn.

Fleur Amelie de Quartele, Thor Bloch Breiland og Erlend Eide er blitt vald inn i Statsforvaltaren sitt ungdomspanel.